

Uttale til høyring om skulestruktur

FAU og SU ved Velledalen skule har diskutert høyringsdokumentet frå rådmannen om skulestrukturen i Sykkylven kommune, og kjem med dette med ein felles uttale.

Ein god skule i Velledalen

På Velledalen skule har elevane eit godt skuletilbod. Vi er sterkt kritiske til at ein i diskusjonen om læringsmiljø (side 9 i høyringsdokumentet) einsidig trekkjer inn pedagogiske argument for nedlegging av små skular. Forskinga på dette feltet gir på ingen måte noko eintydig bilde, slik vurderingane til ein profilert professor i pedagogikk kan gi inntrykk av.

Skulebygget og -området i Velledalen er svært godt tilpassa ein skule for framtida. Det er gode klasserom, tilgang til teaterscene, stor gymnastikksal, symjehall, kjøkken og matsal for eventuell servering av skulemåltid, står klar til bruk. Uteområdet er unikt, både til lek, friluftsliv og undervisning. I samarbeid med Velledalen naturbarnehage, som ligg vegg i vegg, blir det alt frå våren 2010 laga økologisk skulehage. Ein vurderer òg samarbeid med naturbarnehagen som inneber at SFO-tilbodet til skuleelevane blir samordna med tilbodet i barnehagen.

Ved ei eventuell skulenedlegging, må elevar og føresette reelt oppleve at dei får eit tilbod som er minst like bra som det ein har hatt, og lærarar og andre tilsette må få like gode eller betre arbeidsforhold. Noko anna vil sjølvstundt ikkje bli akseptert.

Rekruttering av lærarar

I dag har skulane i Sykkylven godt kvalifiserte lærarar, og etter vår erfaring har det til no ikkje vore vanskeleg for dei minste skulane å skaffe seg gode lærarkrefter. I høyringsdokumentet diskuterer rådmannen ein mulig lærarmangel i Møre og Romsdal i løpet av få år. Den beste strategien for å møte ei slik utfordring er, etter vår oppfatning, å framstå som ein god arbeidsgivar med interessante skular. Dei små og fådelte skulane treng i denne samanhengen ikkje vere eit problem, slik rådmannen skriv. Vi meiner tvert imot at dei kan framhevast som alternative og spennande innslag, som saman med dei større skulane bidreg til mangfaldet i "Sykkylvsskulen". Gjennom samarbeid i nettverk på tvers av skulane opplever lærarane å vere del av eit større fagfellesskap.

Økonomi

Det er eit stort paradoks at ein diskuterer reduksjon i ressurstildelinga til i Sykkylven kommune, i ei tid med sterkt fokus på kvalitet i skulen. I høyringsdokumentet går det fram at skulane i Sykkylven allereie er lågare finansierte enn i samanliknbare kommunar. Vi er vidare kritiske til at ein i høyringsdokumentet i så stor grad foreslår å overføre driftsmidlar (lærarlønningar) til investeringskostnader (renovering/tilbygg/nybygg) og slik bandlegg store summar av skulebudsjettet i tiår frametter. Bortsett frå modell 5 inneber alle modellane i gjennomsnitt høgare elevtettleik per lærar. Altså risikerer ein å få eit dårlegare skuletilbod til

alle elevane i Sykkylven! Med tanke på den økonomiske situasjonen Sykkylven kommune er i, ser vi ikkje realisme i dei enorme investeringane som er foreslått i høyringsdokumentet.

Vi stiller spørsmålsteikn ved kostnadstala knytt til rehabilitering av eksisterande skulebygg. Rehabilitering av Velledalen skulen vil etter vår vurdering koste betydeleg mindre enn 9,1 mill. kr.

Dersom økonomi skal vere så avgjerande i vurderinga av skulestrukturen som ein legg opp til i høyringsdokumentet, meiner vi at kommunen må kvalitetssikre og realitetsvurdere investeringskostnadene i langt større grad enn det som er gjort.

Skulen i grenda

Vurderinga av skulestrukturen i Sykkylven kommune bør etter vårt syn ikkje einsidig handle om opplæringstilbodet til ungane. Skulane er viktige institusjonar i dei ulike lokalsamfunna med funksjonar ut over dette. Dei levande grendene er med på å gjere Sykkylven til ein mangfaldig kommune. Utkantgrendene har eksklusive kvalitetar som supplerer tilboda og muligheitene i sentrumsområda. Dei representerer eit alternativ til urban busetnad og bidreg t.d. med kultur- og idrettstilbod til glede for heile kommunen. Utan utkantgrendene ville Sykkylven vere ei fattigare kommune. Lokal skule og barnehage er avgjerande for å oppretthalde busetnaden og sikre levande grender. Desse institusjonane er sentrale for skaping av samhald, aktivitet og engasjement.

I Velledalen er vi i gang med eit treårig bygdemobiliseringsprosjekt (2009-2012) med økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylke. Velledalen i Ballanse AS har det formelle driftsansvaret på vegne av alle laga i Velledalen (i tillegg til Velledalen Grendahus og Velledalen Symjehall). Gjennom arbeidet i prosjektet kjem det, ikkje overraskande, fram at skulen er viktig for grenda. Det vil derfor vere eit stort paradoks om kommunen vedtek å legge ned skulen medan grenda jobbar med dette prosjektet!

Vi har nettopp gjennomført ei spørjeundersøking der føresette til dagens elevar og framtidige elevar til skulen svarte på spørsmål om skulen. Undersøkinga viser at eit skuletilbod i grenda er så viktig for foreldra, at ein heller vil jobbe for privatskule i Velledalen enn å sende borna til ein annan skule.

For meir utfyllande tankar om elevane sitt syn i denne saka viser vi til eigen uttale frå elevrådet ved Velledalen skule.

Konklusjon

På bakgrunn av dei argumenta vi kjem med i denne uttalen, kan vi ikkje gå med på ei nedlegging av Velledalen skule.

På vegne av FAU og SU ved Velledalen skule.

Aina Holmberg (sign)
leiar